

**Undersøkingar av anadrom fisk, ål og elvemusling i Vaks-
vikelva, Ørskog kommune i Møre og Romsdal fylke**

Bioreg AS Notat 2014 : 04

BIOREG AS

Notat 2014:04

Utførende institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-267-9
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Finansiert av: Grunneigarane	Dato: 20.06.2014
Referanse: Langmo, S. H. L., Oldervik, F.G. & Olsen, O. 2014. Undersøkingar av anadrom fisk, ål og elvemusling i Vaksvikelva, Ørskog kommune i Møre og Romsdal fylke. Bioreg AS notat 2014 : 04. ISBN 978-82-8215-267-9		
Referat: Etter pålegg frå NVE er tilhøva for anadrom fisk, ål og elvemusling i Vaksvikelva i Ørskog kommune, Møre og Romsdal fylke vurdert. Arbeidet er konsentrert omkring elektrisk fiske på ein stasjon, der det vart sett etter anadrom fisk, ål og elvemusling. I tillegg vart botnsubstratet bonitert opp til absolutt vandringshinder for anadrom fisk, samt at dette vart undersøkt og kartfesta. Også frå absolutt vandringshinder og vidare opp mot inntaket vart botnsubstratet bonitert med tanke på elvemusling. Behov for minstevassføring er vurdert og det er gitt tilråding til eventuelle avbøtande og kompenserande tiltak.		
7 emneord: Fiskeundersøking Kraftutbygging Laks Sjøaure Ål Elvemusling Elfiske		

Figur 1. Biletet viser absolutt vandringshinder for anadrom fisk i Vaksvikelva. Personen på biletet er ein av elfiskarane, Oddvar Olsen. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 08.06.2014).

Føreord

Etter pålegg frå NVE og på oppdrag frå Vaksvik Kraft SUS ved Karl Vaksvik har Bioreg AS gjort ei fiskeundersøking og ei vurdering av verknadar for anadrom fisk i samband med ei planlagd kraftutbygging av Vaksvikelva i Ørskog kommune, Møre og Romsdal fylke. Av grunneigarane er det mest Arve Ørskog og Karl Vaksvik som har kome med bidrag om dei lokale tilhøva i denne elva. For Bioreg AS har Finn Oldervik i hovudsak vore kontaktperson, medan Oddvar Olsen, Volda og Solfrid Helene Lien Langmo, Rissa, har stått for den praktiske utføringa av el-fisket. Solfrid Helene Lien Langmo har i stor grad utforma rapporten saman med Olsen og Oldervik. Sistnemnde har kvalitetssikra rapporten.

Elles vil vi takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Ove Eide for å ha skaffa naudsynt bakgrunnsmateriale m.m. Også grunneigarane takkast for velvilje, i tillegg til Kolbjørn Snekvik, rådgjevar ved landbrukskontoret i Ørskog kommune som også har kome med opplysningar om fisk.

Aure/ Volda / Rissa 20. juni 2014

FINN OLDERVIK ODDVAR OLSEN SOLFRID H. L. LANGMO


1 Bakgrunn

Etter pålegg frå NVE og på oppdrag frå grunneigarane har Bioreg AS gjort ei fiskeundersøking og ei vurdering av verknadar for anadrom fisk i samband med ei planlagd kraftutbygging av Vaksvikelva i Ørskog kommune, Møre og Romsdal fylke.

2 Område- og situasjonsskildring

Området rundt Vaksvikelva (vassdragsnummer 100.3z) er omkransa av høge fjell der dei fleste toppane ragar omlag 700-1400 moh. Elva har sitt utspring i dei bratte lisdene rundt Grytavatnet, og renn i nord-vestleg til vestleg retning jamt bratt nedover før den flatar ut noko ved Høgghaugane, om lag ved kote 300. Herifrå renn den rolegare nedover dalen, før den igjen renn brattare utfor frå om lag kote 65 ned til kote 10, der den igjen flatar ut før den renn ut i sjøen. Langs elvekantane heilt frå sjøen og oppover mot inntaket veks mellom anna mykje ask, platanlønn, selje, rogn og gråor. Det vart observert fossefall med kull nedst i undersøkingsområdet ved undersøkingane 08.06.2014.

Grunneigar på eine sida av elva har planar om å lage eit alternativt elveløp med gytesubstrat sør for elva, i og med at elva er retta ut og plastra i nedre del, som eit tiltak i samband med utbygging av småbåt- hamna (Arve Ørskog pers. meld.).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 2. Figuren viser fangststatistikken i Vaksvikelva frå 1994 til og med 2013. Kjelde: SSB.

Det er opp gjennom tidene fanga noko laks og sjøaure i Vaksvikelva. Fangststatistikken viser at fangstane har variert ein del, og at 1995 var eit toppår for sjøaurefiske i nyare tid. Det er i dag ikkje opna for fiske etter anna enn laks i denne elva (Kjelde: Forskrift om fisketider for fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag).

Det er tidlegare utført to fiskeundersøkingar av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i denne elva, med tanke på lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Det vart fyrste gong fiska 06.11.1985. Strekninga det vart fiska på var frå fossane og nedover til sjøen. Det vart fanga 3 laks på 46 – 54 mm og 1 på 160 mm, til saman 4 laks. Av aure vart det fanga 5 stk på 61 – 73 mm, 6 på 110 -146 mm og 5 på 163 – 212 mm. I tillegg vart det ved prøvetakinga observert 7 – 8 smålaks som var gyteklare i kulpane nedanfor fossane, samt ein del sjøaure (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1987).

Den 10.07.1991 vart elva fiska på nytt. Det vart då fiska på ein stasjon nede ved sjøen. Fangsten bestod ved dette høvet av; Laks: 3 yngel av storleik 27 – 30 mm og 1 på 126 mm, til saman 4 stk. Aure: 3 stk av storleik 77 – 93 mm, 2 av storleik 122 – 124 og ein på 153 mm, til saman 6 aureyngel (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1992).

Ut over dette er det kjend at det i ein periode fram til 1995 vart utført eit omfattande kultiveringsarbeid i elva, med utsetjing av laksesmolt langt oppover i vassdraget (Per Kåre Skudal pers. meld.). Sjå meir om dette i konsesjonssøknaden. Mesteparten av smålaksen som Ove Eide såg var truleg av den kultiverte stammen. Lakseyngelen derimot måtte vera frå fisk som tok seg opp i elva for å gyta. Om dette var av den kultiverte fisken eller av ein annan stamme er det vanskeleg å seia noko sikkert om.



Figur 3. Biletet viser Vaksvikelva der denne renn ut i sjøen. Som ein ser er den retta ut og forbygd i dette området. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 08.06.2014).

3

Metode

Vi gjorde et forsøk på å fiske på ein stasjon som ligg om lag 200 meter ovanfor utløpet i sjøen (Start 32 V N6926104 V391316). Vi gjorde også ei bonitering av botnssubstratet på den aktuelle anadrome strekninga, samt i enkelte hølar mellom absolutt vandringshinder og inntaket.

4

Resultat

På grunn av høg vassføring, og stri straum var det vanskeleg, for ikkje å seia umuleg å få til eit skikkeleg fiske i denne elva da vi var der den 8. juni 2014. Likevel fekk vi påvist at det går opp både laks og sjøaure nedst i elva. Vasstemperaturen var 10,4° C ved fisket, og lufttemperaturen var 14,6° C. Det var ein del påvekst av mosar og algar i elva (i kategorien 34-66% i elfiskeskjemaet). På den aktuelle stasjonen vart det fanga ein laks; 10,9, ein aure; 10,1 og ein sjøaure; 20,7 cm med 29 lus. Elles observerte ein lite fisk på stasjonen, men truleg kom ein del seg unna i den strie straumen før ein rakk å observera dei. Ved observasjonar med sjøkikkert vart det som truleg er ein lakseyngel klekt i år observert. Gytesubstratet nedanfor absolutt vandringshinder er mange stader svært godt.


Det vart leita etter *elvemusling* opp til inntaket utan at vi observerte noko teikn på at arten hadde tilhald i elva. Heller ikkje i hølen rett ovanfor inntaket, eller dei neste hundremetrane ovanfor inntaket var det noko å sjå.

Det vart ikkje fanga *ål* ved undersøkingane. Inntaket er planlagd med coandarister, noko som er svært positivt for eventuelle førekomstar av ål. Det ligg eit vatn 350 moh i ei sideelv, men grunneigar Karl Vaksvik (pers. meld.) kjende berre til observasjonar av ål i sjøen. Han kjende heller ikkje til anna enn ei soge om ein einskild laks som var fanga ovanfor det som vi ved undersøkinga definerte som absolutt vandringshinder.

Absolutt vandringshinder for anadrom fisk i Vaksvikelva er ei smal kløft der vatnet får stort fart og vatnet vert fullt av luftbobler, sjølv på lita vassføring (Sjå framsida!). Ved større vassføring vil heller ikkje fisk klare å kome seg opp her. Også like nedanfor denne fossen, om lag der kraftstasjonen er planlagt plassert, renn elva i to løp ned ein foss der vatnet får svært stor fart, og er vanskeleg for anadrom fisk å forsere. I området mellom dei to fossane finst ein høl med brukbart gytesubstrat, men dette er prega av flaum og truleg ikkje stabilt.



Figur 4. Stasjon 1 i Vaksvikelva. Som ein ser er det godt med vatn i elva, og grunneigar Karl Vaksvik vurderte den til å vere om lag middels. Langs elvekantane her er det store holrom mellom steinane som gjev godt skjul for småfisk og ål. Her er også gytesubstratet stadvis svært godt. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 08.06.2014).



Figur 5. Kartet viser avfiska område nedst i Vaksvikelva markert med raudt. Planlagt kraftstasjon er markert med blått, medan inntaket er markert med grønt. Ved og ovanfor inntaket er det undersøkte området for elvemusling markert med raudt. Også i fleire holar mellom stasjon og inntak vart det søkt etter muslingar utan hell. Absolutt vandringshinder (32V N 6926133 A 391487) er markert med svart strek, medan den stipla linea markerer den andre fossen det er vanskeleg for anadrom fisk å forsere. Kartet er utarbeidd i GisLink.

5

Verdi, omfang og konsekvens

Denne undersøkinga viser at det går opp anadrom fisk i elva, og at her var både laks og sjøaure. Også Ove Eide hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, samt grunneigar Karl Vaksvik, kjenner til at det går opp laks og sjøaure i dei nedste delane av elva. Vi kan ikkje seie noko om

mengdene fisk her ut frå undersøkinga vår. Vi verken fanga eller såg ål, og kan difor ikkje seie noko om denne arten ut i frå denne undersøkinga, men vi såg at elva var flat og fin nedst med mykje mose i og rundt elveløpet. I og med at det ligg eit vatn i vassdraget om lag 350 moh, kan det likevel vera at det finst ål i elva og i det nemnde vatnet. I dei nedre delane der elva er forbygd, er det fine skjulmoglegheiter for ål mellom storsteinane langs kantane. Slik vi ser det, er dette prosjektet planlagt slik at det tek vare på heile den delen av anadrom strekning som ein reknar som viktig som gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk. Usikkerheita i undersøkingane ligg i om ål nyttar elva, men i og med at inntaket er planlagt med coandarister, ser vi også dette som relativt uproblematisk.



Figur 6. Biletet øvst viser sjøauren som vart fanga ved undersøkinga, og nedst gytesubstrat litt ovanfor det avfiska området. Som ein ser er dette svært godt. Midt i biletet står det ein årsyngel, estimert til 2,5-3 cm. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 08.06.2014).

6 Kjelder

6.1 Skriftlege kjelder

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 1987. Rapport nr. 2. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1983, 1984 og 1985.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 1992. Rapport nr. 5. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal 1990 og 1991 - del Sunnmøre.

Grimstad, K.J. 2008. Vaksvika småkraftverk. Virkninger på biologisk mangfold.

Småkraftkompetanse. 2013. Vaksvik kraftverk, Vaksvikelva i Ørskog kommune: Søknad om konsesjon.

6.2 Munnlege kjelder

Arve Ørskog, grunneigar. 6240 Ørskog. Tlf: 91511123

Karl Vaksvik, grunneigar. 6240 Ørskog. Tlf: 70273052

Kolbjørn Snekvik, Rådgjevar Landbrukskontoret i Ørskog kommune. Tlf: 70 16 59 00

Ove Eide, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Per Kåre Skudal, Småkraftkompetanse, Tlf. 918 62 014.

6.3 Kjelder frå Internett

08.06.14 Miljødirektoratet, [Lakseregisteret](#)

08.06.14 Miljødirektoratet, [Vanmiljø](#)

18.06.14 [GisLink, karttjenester](#)

08.06.14 [Hugin.nt/elvemusling](#)

20.06.14 Statistisk sentralbyrå, [Elvefiske etter laks, sjøaure og sjørøye](#)